



Skulemusikken fotografert 17. mai. No skal dei til København. (Foto: Thor Inge Døssland )

**Laurdag reiser skulemusikken til Kongens by København. Det er lenge sidan korpset sist var på utanlandsferd og deltakarane har som rimeleg kan vera store forventningar. Dei reiser med fly direkte frå Bergen og kjem att onsdag ettermiddag.**

Det er 14 musikantar, dirigent og åtte foreldre og søsken i gruppa som reiser. Altså tel heile selskapet 23 deltakarar og Janne Yri er reiseleiar. Ho er imponert over at leiinga i korpset har sett seg istand til å subsidiera reisa slik at ho kostar 2.500 kroner for musikantane og 4.000 for ledsagarane.

Gruppa tek av frå Flesland klokka 14 laurdag ettermiddag og tek inn på Amager Vndrerhjem som ikkje ligg så langt frå flyplassen. Sundag kan uskedelingane nytta til fri sightseeing på eigenhand, til dømes på Strøget, men seinare på dagen er det rundtur med buss og guide. Om ettermiddagen vil dei gje ein konsert på frå ein halv time til tre kvarter på Amager Torv.

Også måndag føremiddag er fri til sightseeing og andre, eigne aktivitetar, til dømes kanaltur eller besøk ved Experimentarium eller Tycho Brahe Planetarium. Seint på ettermiddagen blir det konsert ved vandrerhjemmet.

Tysdag blir heilt sikkert ein toppdag, for da er heile dagen reservert til besøk i Tivoli. Det er som dei fleste veit ein av dei største attraksjonane i Skandinavia med over tre millionar innanfor portane kvart år. Mest kjent er Tivoli for sine berg- og dalbanar som dei har fire av. Rutchebanen er den eldste og mest populære og den har vore i funksjon sidan 1914! Tivoli er også kjent for sin musikk og har en eigen, spillande Tivoli-garde med røde uniformar.

Av Ola Matti Mathisen